

VERKSEMDPLAN

FOR

KONTROLLUTVALET

2016 - 2019

Til handsaming i kontrollutvalet 12. april 2016

Innholdsfortegnelse

1.	INNLEIING	3
1.1	KONTROLLUTVALET	3
2	TILSYNS- OG KONTROLLORDNINGA I FYLKESKOMMUNEN.....	3
2.1	Kontrollutvalet si rolle i den fylkeskommunale eigenkontrollen	3
2.2	Kontrollutvalet sitt sekretariat	4
2.3	Revisjon.....	4
2.4	Fylkesrådmannen sin internkontroll	4
3.	FØRESETNADAR FOR GODT KONTROLLARBEID.....	5
3.1	Profesjonell utføring, kvalitetssikring	5
3.2	Uavhengig og objektiv rolle	6
3.3	Politisk medverknad og legitimitet.....	6
4.	MÅL OG STRATEGIAR FOR KONTROLLUTVALET	6
4.1	Overordna mål	6
4.2	Strategiar.....	7
5	REVISJONS- OG KONTROLLFORMER	8
5.1	Rekneskapsrevisjon	8
5.2	Forvaltningsrevisjon	8
5.3	Selskapskontroll.....	9
5.4	Andre kontrolloppgåver.....	9
6	RAPPORTERING	9
7	AVSLUTTANDE KOMMENTARAR.....	9
	Vedlegg	11

1. INNLEIING

Fylkestinget har det øvste ansvaret for tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga jf. kommunelova (KL) § 76. Fylkestinget vel eit kontrollutval til å føre tilsynet med forvaltninga på sine vegne.

Kontrollutvalet skal, som fylkestinget sitt kontrollorgan, utøve sitt arbeid i samsvar med KL og forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalsforskrifta), som er utarbeidd i tråd med KL § 77 nr. 10. I forskrifta §4 står det mellom anna:

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.”

Kontrollutvalet sine oppgåver omfattar tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga, med revisjonen sitt arbeid og tilsyn med føretak, der fylkeskommunen har interesser.

1.1 Kontrollutvalet

Fylkestinget vedtok reglement for kontrollutvalet 8. desember 2015 i FT-sak 48/15. I reglemenet står det mellom anna:

- Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget, irekna å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.
- Kontrollutvalet skal ved starten av kvar valperiode utarbeide ein plan for verksemda i utvalet i perioden. Kontrollutvalet fastset sjølv innhald og omfang. Informasjonsstrategien til utvalet skal vere vedlegg til verksemdplanen. Verksemdplanen vert vedteken av fylkestinget.

2 TILSYNS- OG KONTROLLORDNINGA I FYLKESKOMMUNEN

2.1 Kontrollutvalet si rolle i den fylkeskommunale eigenkontrollen

Fylkestinget har ansvaret for tilsyn og kontroll med verksemda i fylkeskommunen. Kontrollutvalet er det utøvande tilsyns- og kontrollorganet, og skal sikrast ei uavhengig stilling i høve til administrative og folkevalde organ i fylkeskommunen, m.a. gjennom særskilte valreglar og eit eige sekretariat som er uavhengig av administrasjonen. Fundamentet i det politiske, folkevalde nivået og den uavhengige stillinga byggjer opp under det demokratiske elementet i kontrollen, og at ein i vurderingane er upåverka av ulike interesser.

Kontrollutvalet sin legitimitet er avhengig av at fylkestinget ivaretek rolla som ansvarleg tilsyns- og kontrollorgan ved å gje instruks om korleis denne funksjonen skal utøvast og ved å fastsette rammevilkåra til utvalet. I tillegg vil legitimiteten vere avhengig av fylkestinget si

evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid og engasjement i saker som kontrollutvalet fremjar til handsaming.

Kontrollutvalet skal ivareta rolla som bestillar av revisjonstenester, og gjennom eit eige sekretariat sjå til at kontrolloppgåvene blir sett i verk og forsvarleg gjennomførde. I praksis medfører det at bestillingane frå kontrollutvalet tydeleg presiserer kva føresetnader som skal ligge til grunn for revisjonsarbeidet, eventuelle andre særlege omsyn som skal ivaretakast, og om omfanget av ressursinnsatsen.

2.2 Kontrollutvalet sitt sekretariat

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har eit eige sekretariat som til ei kvar tid tilfredsstillir utvalet sitt behov. Kontrollutvalet har instruksjonsmyndet for, og skal føre tilsyn med sekretariatet.

Sekretariatet har ansvar for saksførebuing og gjev tilråding i tilsyns- og kontroll saker. Vidare skal sekretariatet sjå til at konkrete revisjonsoppgåver blir forsvarleg utførte og leverte, og skal på vegne av kontrollutvalet ha tilsyn med at revisjonsordninga fungerer tilfredstillande. Sekretariatet skal også sørge for at det vert føreteke tilsyn med administrasjonen. God dialog med det administrative og politiske nivået er viktig i den samanheng.

Oppgåvene til sekretariatet omfattar også ansvar for arkivering og journalføring av kontrollutvalet sine saker, møteprotokollar og korrespondanse. Det er oppretta ein eigen arkivdel for kontrollutvalet i fylkeskommunen sitt arkivsystem, som tilfredsstillir krava i arkivlova med forskrifter. Arkivleiar ivaretek den praktiske delen og dagleg drift av kontrollutvalet sitt arkiv, og sørger i tillegg for at utføring av tenesta skjer i samsvar med krava i arkivlova med forskrifter. Arkivleiar må, i dette arbeidet, vere underlagt sekretariatet for kontrollutvalet sin mynde slik at uavhengigheita mellom kontrollutvalet og administrasjonssjefen vert ivareteke.

2.3 Revisjon

I sak 26/08 vedtok fylkestinget endringar i selskapsavtalen til SF revisjon IKS. I vedtaket ligg det at SF revisjon IKS skal utføre rekneskapsrevisjon og selskapskontroll for fylkeskommunen. Fylkestinget vedtok i FT-sak 62/12 kostnadsfordelingsmodellen som i dag gjeld for selskapet.

Fylkestinget vedtok i sak 52/07 å kjøpe forvaltningsrevisjon i marknaden. Fylkestinget skal velje leverandør av forvaltningsrevisjonstenester etter innstilling frå kontrollutvalet.


Utviklinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune og innan fagområda stiller krav til at revisor har kontinuerleg fokus på fagleg oppdatering.

Fylkestinget kan vedta endring i revisjonsordning etter tilråding frå kontrollutvalet.

2.4 Fylkesrådmannen sin internkontroll

Etter kommunelova § 23 plikter fylkesrådmannen å etablere interne kontrollrutinar i heile organisasjonen som sikrar god styring og resultatoppnåing på alle område. Denne internkontrollen er ikkje ein del av kontrollutvalet sitt ansvar, men kvaliteten på

internkontrollen vil sjølvsagt innverke på omfanget og innretninga av utvalet sine kontrollhandlingar.



Figur 1: Prinsippkisse over tilsyns- og kontrollordninga i fylkeskommunen

3. FØRESETNADAR FOR GODT KONTROLLARBEID

Det er viktig for kontrollutvalet at kontrollaktivitetane blir oppfatta som nyttige, at dei gjev konkrete resultat og tilfører fylkeskommunen ein meirverdi. Føresetnaden er at dei skal gje grunnlag for betre ressursutnytting og større effektivitet i tenesteproduksjonen, betre tryggleik og auka truverd i myndeutøvinga og eventuelt forbetra rutinar i forvaltninga.

Kontrollutvalet sit ikkje med svara på korleis ein kan løyse utfordringane fylkeskommunen står overfor, men kan likevel medverke til å gjere forbetringar i den fylkeskommunale forvaltninga.

3.1 Profesjonell utføring, kvalitetssikring

Kontrollutvalet skal sjå til at dei faglege og formelle krava til utføringa av ulike kontrollaktivitetar så langt råd er vert oppfylt. Val av rett metodisk tilnærming blir ein vesentleg føresetnad for å oppnå dette, og det er utvikla metodar både innan rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon som skal sikre dette. For begge revisjonsformer nyttar ein høgt kvalifiserte fagfolk for å sikre at krava blir ivaretekne.

Det er omfattande kvalitetssikringsordningar av dei ulike revisjonsformene, som inneheld krav til dokumentasjon, rapportering og oppfølging/kvalitetssikring av arbeidet. .

Kontrollutvalet legg vekt på at det skal vere god dialog med den revisjonen rettar seg mot. Det er såleis viktig å oppnå semje om kva krav og målsettingar dei ulike einingane har, om nosisasjonen og eventuelt kva som er mogleg å oppnå av endringar for å gjere tenesta eller forvaltningsområdet meir i samsvar med krav og mål.

Kontrollutvalet legg vekt på initiering av prosessar med fokus på utvikling, endring og læring, der utvalet si deltaking blir oppfatta som nyttig og ønskeleg.

3.2 Uavhengig og objektiv rolle

Kontrollutvalet er direkte knytt til fylkestinget. Utvalet skal vere uavhengig av den administrative funksjonen i fylkeskommunen. Jamvel om denne tilknytninga er grunnleggande, skal kontrollutvalet etter regelverket vere uavhengige og opptre objektivt i utføringa av oppgåvene. Denne føresetnaden blir enno meir viktig å sikre sett i lys av at utvalet er ein del av den fylkeskommunale organisasjonen, og eksternt dermed kan oppfattast som mindre uavhengig.

3.3 Politisk medverknad og legitimitet

Kontrollutvalet har ikkje høve til å gje direkte pålegg til administrasjonen om endringstiltak. Men gjennom mandatet for verksemda i lovgivinga og forankringa i det øvste politiske nivået er utvalet sikra legitimitet og gjennomslagskraft hjå dei kontrollerte.

Møteprinsippet medfører at kontrollutvalet fungerer som tilsyns- og kontrollorgan berre i møta. Det er difor viktig at desse fungerer slik at tilsyns- og kontrollmessige problemstillingar har ein framståande plass. Saksdokumenta til sakene i kontrollutvalet er offentlege, utanom i saker som av forskjellige grunnar må unntakast offentlegheit. Møteinnkalling med saksutgreiingar vert lagt ut på fylkeskommunen si heimeside. På heimesida til fylkeskommunen ligg også informasjon om kontrollutvalet. Møta i kontrollutvalet går for opne dører. Lukking av møta føl reglane i kommunelova § 31.

Det er viktig at kontrollutvalet er synlege for ålmenta, men det er også viktig å vere synlege og aktive internt i fylkeskommunen. Det er utarbeidd informasjonsstrategi for utvalet, som er vedlagt verksemdplanen. Møte i kontrollutvalet lagt til etatar, skular o.a. vil medverke til at utvalet vert meir synlege internt i organisasjonen. Det kan i møta bli sett fokus på ulike tenestoområde, gjerne knytt til ei aktuell sak, ein rapport m.v., der ansvarleg leiar blir innkalla. Det er også lagt vekt på at kontrollutvalet bør vere synlege i det politiske miljøet i fylkeskommunen, slik at utvalet sine medlemmer får eit nærare forhold til fylkestingspolitikarane sine diskusjonar i utvalet sine saker, i tillegg til at medlemmane i kontrollutvalet får høve til å følgje med i det politiske arbeidet i fylkeskommunen.

4. MÅL OG STRATEGIAR FOR KONTROLLUTVALET

4.1 Overordna mål

Kontroll og tilsyn er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel til å oppnå måla til den verksemda som tilsynet og kontrollen rettar seg mot. Måla til kontrollutvalet må dermed vere samanfallande med målsettingane til fylkeskommunen og medverke til at desse blir nådde.

Etter kommunelova § 1 er formålet med den kommunale organisasjonen å leggje til rette for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale og fylkeskommunale oppgåvene innanfor ramma av det nasjonale fellesskap og med sikte på ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast til rette for ein tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard.

Ei aktiv, fagleg trygg og truverdig tilsyns- og kontrollordning med høg grad av legitimitet i fylkestinget vil, etter kontrollutvalet sitt syn, kunne medverke til å nå måla til fylkeskommunen, og å byggje opp om tilliten til fylkeskommunen som forvaltningsorgan.

Dette er grunnlaget for verksemda til kontrollutvalet, og utvalet vil ha følgjande overordna mål:

Kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

4.2 Strategiar

4.2.1 Fokusområde for kontrollutvalet

Kontrollutvalet vil gå inn i ulike sider ved fylkeskommunen sitt ansvarsområde og ha fokus på i kva grad den måten oppgåvene blir løyste på er formålstenleg, evt. kan gjerast betre. Det vil bli rapportert om vesentlege tilhøve/avvik til fylkestinget, for gi fylkestinget betre kunnskap om tilhøva på aktuelle område og for å få legitimitet for anbefalte endringar. Det auka fokuset på etiske utfordringar i kommunal forvaltning medfører større merksemd frå kontrollorganas side på mislege tilhøve knytt til illojal åtferd.

Kontrollutvalet har som målsetting at kontrollaktivitetane resulterer i positive endringar for tenesteproduksjonen og utviklingsarbeidet (betre ressursutnytting, større effektivitet), myndeutøvinga (sikre rettstryggleiksgarantiane) og dei interne forvaltningsfunksjonane (forbetringar i it-, økonomi-, personal-, innkjøps-, eigeomsforvaltning m.m.) gjennom oppfølginga i administrasjonen.

4.2.2 Kontrollutvalet skal vere synlege, uavhengige og ha høg integritet

Kontrollutvalet vil bruke ulike kommunikasjonsformer for å ivareta denne målsettinga, avhengig av målgruppe.

Informasjonsflyten mellom kontrollutvalet og fylkestinget vil vere særskild viktig, dersom fylkestinget skal kunne ivareta sitt overordna tilsynsansvar og sikre at kontrollutvalet, som fylkestingets utøvande tilsyns- og kontrollorgan, har legitimitet. Det er viktig å få avklara kva forventningar fylkestinget har til kontrollutvalet, og om desse forventningane blir innfridde.

Kontrollutvalet skal medverke til å bygge opp om tilliten til fylkeskommunen som ein truverdig tenestytar og myndeutøvar. Nettopp ved å ha fokus på tilhøve som kan forbeistrast og praktisere openheit om dette, kan ein styrke omdømet til fylkeskommunen.

Kontrollutvalet vil og legge vekt på å utvikle samarbeid med andre kompetansmiljø og delta i nettverk for å kunne ta del i utviklinga av den offentlege tilsyns- og kontrollfunksjonen.

Kontrollutvalet har utarbeidd ein informasjonsstrategi, som er vedlegg til denne verksemdplanen.

4.2.3 Kontrollarbeidet skal ha ei løysingsorientert og dialogbasert innretting, og utførast med høg fagleg kvalitet

Arbeidsformene medfører krav til kompetanse, realisme i løysingsalternativ, fokus på det vesentlege, respekt for mynde og ansvar m.m. Dessutan inneber arbeidsformene grunnlag for utvikling av gode relasjonar på tvers av fag- og ansvarsområde.

Det er viktig at kontrollutvalet vert opplevd som nyttig, og tilfører fylkeskommunen ein meirverdi over tid.

Ei slik arbeidsform kan berre lukkast dersom ein finn fram til formålstenlege kommunikasjonsformer mellom kontrollutvalet, revisor og den kontrollen rettar seg mot. Gjennom dialog er det viktig å oppnå semje om korleis situasjonen er, kva avvik frå det normale ein har og evt. på kva måte det kan rettast opp.

5 REVISJONS- OG KONTROLLFORMER

5.1 Rekneskapsrevisjon

Etter kommunelova § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet sjå til at fylkeskommunens rekneskap blir revidert på ein trygg måte. Etter forskrift om kontrollutval § 6 skal kontrollutvalet halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette går føre seg i samsvar med regelverk, god kommunal revisjonsskikk og instruksar elles. Det er ansvarleg revisor sitt ansvar å definere innhald og omfang av revisjonen innanfor lover, føresegner og standardar.

5.1.1 Tiltak

- Sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning
- Innhente revisor si skriftlege eigenvurdering av uavhengigheit årleg
- Følgje opp at revisjonsarbeidet vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalet sine instruksar
- Gje uttale om årsrekneskapet til fylkestinget
- Følgje opp at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgt opp av administrasjonen

5.2 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal etter KL § 77 nr. 4 sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og forutsetningar. Dette er definisjonen på forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon innan året etter fylkestingsval, og bestille prosjekt etter føringane som er gitt i planen. Det er fylkestinget som vedtek planen. Fylkestinget kan utover denne planen gje instruksar til kontrollutvalet om gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

5.2.1 tiltak

- Sørge for at det blir utarbeidd overordna analyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon
- Utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og legge denne fram for fylkestinget
- Bestille forvaltningsrevisjonar og handsame rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar
- Avlegge rapport til fylkestinget om gjennomførde forvaltningsrevisjonar og resultatata av desse
- Sjå til at fylkestinget sine vedtak etter handsaming av forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp

5.3 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal etter KL § 77 nr. 5 sjå til at det blir ført kontroll med fylkeskommunen interesser i selskap m.m. Ein eigarskapskontroll er ein kontroll av om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og forutsetningar. Kontrollutvalet er i KL § 80 gitt heimel om innsyn og utvida selskapskontroll i selskap som er heileigd av fylkeskommunen eller som fylkeskommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar. KL opnar også for at det kan gjennomførast forvaltningsrevisjon i slike selskap. Etter forskrift om kontrollutval § 13 skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal handsamast av fylkestinget innan utgangen av året etter nytt fylkesting er konstituert.

5.3.1 Tiltak

- Sørge for at det blir utarbeidd overordna analyse som grunnlag for plan for selskapskontroll
- Utarbeide plan for selskapskontroll og legge denne fram for fylkestinget
- Sjå til at det vert gjennomført kontroll med eigarinteressene i selskap som er omfatta av plan for selskapskontroll
- Avlegge rapport til fylkestinget om gjennomførde selskapskontrollar og resultat av desse.

5.4 Andre kontrolloppgåver

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med heile fylkeskommunen si verksemd med unntak av fylkestinget, som er eit overordna organ for utvalet. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eit kvart forhold så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn.

6 RAPPORTERING

Kontrollutvalet rapporterer resultatata av sitt arbeid til fylkestinget. Rapporteringa føregår slik:.

- Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapet (pkt. 5.1.1) er kontrollutvalet sin rapportering i samband med rekneskapsrevisjon.
- Sak etter gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll sendast fortløpande til fylkestinget.
- Sak etter kontrollaktivitet, utanom forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, vert lagt fram for fylkestinget etter gjennomført kontroll eller rapportert gjennom utvalet si årsmelding.
- Kontrollutvalet utarbeider årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert handsama seinast på møte i mai og sendast deretter fylkestinget til orientering.
- Kontrollutvalet sin rapportering til fylkestinget i samband med resultatet av oppfølging av gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal gå fram av kontrollutvalet si årsmelding.

7 AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Kontrollutvalet sin legitimitet er avhengig av at fylkestinget ivaretek rolla som ansvarleg tilsyns- og kontrollorgan ved å gje instruks om korleis denne funksjonen skal utøvast og ved å fastsette rammevilkåra til utvalet.

Fylkestinget får verksemdplanen for kontrollutvalet til handsaming innan utgangen av året etter valet.

Informasjonsstrategi for Kontrollutvalet

«Det paaligger Statens Myndigheder at legge Forholdene til Rætte for en aaben og oplyst offentlig Samtale.»

Kongeriget Norges Grundlov § 100 sjette ledd

Mål og visjon om informasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det er tre hovudmål i Plan for informasjonsarbeidet i fylkeskommunen: Folk, næringsliv og organisasjonar skal:

1. Ha lik og god tilgang til å delta i dei demokratiske prosessane.
2. Få korrekt og relevant informasjon om rettar, plikter og mogelegheiter.
3. Ha god og reell tilgang til informasjon om fylkeskommunen sine aktivitetar.

Fylkeskommunen kan berre løysa oppgåvene sine på ein effektiv måte gjennom eit positivt og aktivt samspel med innbyggjarar og brukarar. Godt informasjonsarbeid og kommunikasjon er ein føresetnad for at fylkeskommunen skal kunna løysa oppgåvene sine som utøvar av mynde og produsent av gode og tilpassa tenester for folk, næringsliv og organisasjonar.

Informasjonsarbeidet skal òg gje folk, næringsliv og organisasjonar høve til god kontakt med fylkeskommunen.

Fylkeskommunale nettstader skal vera brukarvennlege og oppfylle internasjonale retningsliner for design og universell utforming. Dette vil og ivareta behova til dei funksjonshenna. (WAI/W3C).

Nynorsk er fylkeskommunen si offisielle målform.

Kommunal- og regionaldepartementet om synleggjering av kontrollutvalet

Kommunal- og regionaldepartementet kom i sin rapport ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” med fylgjande oppmodingar på side 11:

- *Kontrollutvala gjer ein jobb dei kan vere stolte av: Kontrollutvala må fortelje om kva dei gjer, og kommunestyra må lytte!*
- *Kontrollutvala, revisorane og sekretariata gjer mykje godt arbeid: Vis det, legg rapportar ut på nettet og skriv så alle kan forstå!*
- *Det nyttar å drive kontrollarbeid: Kommunane må vise at dei lærer og forbetrar seg! La innbyggjarane få vite om det!*

- *Kontrollarbeid i ein kommune kan føre til læring for andre òg: Kontrollutvala må dele erfaringar med kvarandre!*

I den nemnde rapporten på side 10 står det:

Kontrollarbeid som blir kommunisert, vil ha verdi for fleire enn den som blir kontrollert. Kommunikasjonen kan vere retta innover i kommune og ut mot omverda.

Vidare står det i rapporten at ein kan bygge tillit til innbyggjarane ved å fortelje at det går føre seg kontrollarbeid, og kva resultat dette arbeidet fører til. Godt kontrollarbeid kan vere med på å byggje opp eit godt omdømme for fylkeskommunen.

Kommunal- og regionaldepartementet kom i februar 2011 med ein rettleiar om kontrollutvalet si rolle og oppgåver. I denne rettleiaren er det eit eige kapittel der synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid vert omhandla. På side 69 kan vi lese:

Åpenhet er i seg selv et mål for den offentlige forvaltningen. Synliggjøring av kontrollutvalgets arbeid vil være viktig for å skape tillit til at kommunen er underlagt betryggende, folkevalgt kontroll.

Kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver

Kontrollutvalet har ansvaret for tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal vera bidragsytar til at fylkeskommunen når sine mål, gjennom å bidra til i sikre ein best mogeleg forvaltning av ressursane.

Kontrollutvalet skal medverka til å byggja opp om tilliten til fylkeskommunen som tenesteytar og utøvar av mynde.

Kontrollutvalet skal vera synlege, uavhengige og ha høg integritet. Utvalet har valt å ha opne møte, og informasjon om utvalet sitt arbeid skal vere tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen. Informasjonsstrategien skal styrka forståing for utvalet si oppgåve og bidra til at utvalet når måla sine.

I verksemdplanen til kontrollutvalet i fylkeskommunen finn vi følgjande overordna mål:

Kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

Mål for informasjonsstrategien til kontrollutvalet

- Kontrollutvalet sin informasjonsstrategi skal vera i samsvar med Plan for informasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Kontrollutvalet skal aktivt vera i forkant med å informera om utvalet sitt arbeid.
- Kontrollutvalet skal ha ein medviten haldning til korleis utvalet framstår ovanfor omverda.
- Kontrollutvalet uttalar seg på fagleg grunnlag, og går ikkje inn i politiske diskusjonar.

Målgrupper

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i fylket skal ha mogelegheit til å følgje med på kva kontrollutvalet arbeider med. Det er viktig for demokratiet at arbeidet til utvalet er synleg og tilgjengeleg slik at det er høve til å kome med innspel. Den enkelte innbyggjar har krav på god og reell tilgang til informasjon om fylkeskommunen og kontrollutvalet sine aktivitetar.

Eigen organisasjon

Tilsette i fylkeskommunen bør ha kjennskap til kontrollutvalet og det ansvaret utvalet har. Det er også viktig at medarbeidarane kjenner til kva utvalet arbeider med, noko som vil skape ein god forståing for utvalet sin funksjon.

Media

Media bør ha kjennskap til kontrollutvalet sitt arbeid for å kunne sette seg inn i aktuelle saker som utvalet arbeider med som kan vere vesentlege for samfunnet og ha allmenn interesse.

Kanalar:

Kontrollutvalet nyttar heimesida til fylkeskommunen www.sfj.no som offentleg kanal for å spreia informasjon om utvalet sitt arbeid. I tillegg vil kontrollutvalet orientere media om sitt arbeid gjennom pressemeldingar.

Heimesida til fylkeskommunen:

Kontrollutvalet skal vere synleg på heimesida til fylkeskommunen. Utvalet har eit eige menyval under "Politikk", som bør innehalde følgjande informasjon:

- Om utvalet:
 - Mandat, oppgåver
 - Samansetjing
 - Lov- og regelverk
- Møteplan med sakslister og møteprotokoll
- Link til gjennomførde forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar
- Informasjon om revisorar og sekretær
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
- Årsmeldingar

I tillegg skal nyhende om utvalet, saker som utvalet arbeider med og informasjon om møte med saksliste leggst på heimesida si framside.

Media – lokale og regionale

Det skal sendast pressemeldingar til lokale og regionale media om kontrollutvalet sitt arbeid.

Pressemeldingar om kontrollutvalet sitt arbeid og vedtak, er viktig som ledd i utvalet si omdømebygging. Førstehandsinformasjon til media er viktig for å skapa og oppretthalda eit balansert og objektivt bilete av kontrollutvalet si oppgåve. Direkte kontakt med media og einskilde journalistar kan vere nyttig for å korrigere og betre informasjonsarbeidet.

I forkant av utvalsmøte kan det sendast ut pressemelding med sakliste, der ei eller fleire av sakene på saklista kan framhevast. Etter utvalsmøte kan det sendast ut pressemelding med møteprotokoll der utvalsleiar har høve til å omtale ei eller fleire saker spesielt.

Praktisk informasjonsarbeid

Publikum og media skal som hovudregel informerast i samband med kunngjering av saksliste til møte i utvalet.

- På www: kunngjering av møtetidspunkt, stad og saksliste
- Media: Det vert sendt ut pressemelding som informerer om innhaldet i utvalde saker.
 - Pressemeldinga skal som hovudregel utformast som ein journalistisk artikkel med tittel, ingress og brødtekst.
 - Informasjonstenesta kan hjelpe til med utsending og journalføring av pressemeldingar.
 - I særskilde høve kan det takast direkte kontakt med media.
 - Sekretær uttalar seg om faglege/prosessuelle spørsmål i forkant av behandlinga i utvalet. Utvalsleiar, eventuelt nestleiar, svarar for dei vedtaka som er gjort i utvalet. Utvalsmedlemmane kan også uttala seg, men då på vegne av seg sjølv, ikkje på vegne av utvalet.
 - Informasjonstenesta er rådgevande i saker det er tvil om.